

# **ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2013**

**Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:**

**1.Økonomisk del**

**2.Generell del**

**3.Viltforvaltning**

**2.1 Villreinformvaltning**

**2.2 Småviltforvaltning**

**4.Fiskeforvaltning**

**3.1 Fiskeutsetting**

**3.2 Prøvefiskeresultat**

**3.3 Garnfiskestatistikk**

**3.4 Kalking**

**3.5 Anna fiskekultivering**

**5.Fjellstyrehyttene**

**4.1 Hyttestyret**

**6.Beiteleiga**

**7. Anna**

## 1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2012 og 2011 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

<b>INNTEKTER</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>UTGIFTER, DRIFT</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Salsinntekt	406 319	579 910	Lønskostnader	35 503	33 512
Anna driftsinntekt	284 749	182 810	Avskrivningar	83 607	83 607
			Samjaktavtalar, varekostnad	57 290	0
			Anna driftskostnad	817 450	763 081
Sum driftsinntekter	691 067	762 720	Sum driftskostnader	993 849	892 449
Driftsresultat	-302 782	-129 729			
Netto Renteinntekt	55 786	49 509			
Sum årsresultat	247 029	80 239			
Bankinnskott, kontantar og liknande.	1 843 969	1 713 078			

Kommentar:

Driftsresultatet er betre enn i 2012, men drifta går fortsatt med underskot. Dette er ikkje ei haldbar situasjon på sikt.

Inntektene:

Inntekt frå fiske representerer den største auka, dette skuldast i hovudsak auka fiskekortsal.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingent til Norges fjellstyresamband.

Investeringar:

- Det er ikkje utført oppgåver eller gjort innkjøp som er å rekna som investeringar.

## 2. Generelt

Fjellstyret hadde 6 styremøte og handsama 18 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret, [www.eidfjord-fjellstyre.no](http://www.eidfjord-fjellstyre.no)

## 3. Viltforvaltning

### 3.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er ei vinterstamme på 10 000 dyr etter jakt i 2009. Vurderinga frå Villreinutvalet er at det var 10 000 dyr før kalving i 2013.

Samla kvote vart sett til 7 000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 480 fellingsløyve. Det vart innført ei fredningssone som omfatta meir enn halvparten av arealet sør for Nordmannslågen. Tilgjengeleg terreng vart avgrensa til nord for Dimmedalshøgden og nord for Høgevarden-Nibbo. Denne omfattande fredningssona medførte at fjellstyret avsto frå å inngå samjaktavtalar med private vald og Ullensvang fjellstyre. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegarar på almenninga til 120. noko som igjen resulterte i at fjellstyret satt att med over 100 fellingsløyve som ikkje vart selt. Totalt for allmenninga vart det felt 118 dyr. Fredningssona syntes å ha hatt ein positiv effekt, reinen vandra vestover og det var jakting heilt mot Viersla. Jakttida var satt til 20.08 til og med 30.09. Nattefreding var det mellom kl 19.00 og kl 07.00.

### 3.2 Småviltforvaltning


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet visast i tabellen under, og med låg rypeettleik og låg kyllingproduksjon siste år.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/ obs	Ryper/km2 (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7 (5-10)	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8 (6-12)	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4 (2-6)	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3 (2-5)	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4 (3-6)	7,5
2011	Eidfjord statsalm	26	155039	34	290	8,5	7 (5-11)	5,2
2012	Eidfjord statsalm	29	167010	23	81	3,5	2 (1-3)	1,7
2013	Eidfjord statsalm	25	131230	48	193	4,0	3 (2-7)	4,3

Fjellstyret konkluderte, med grunnlag i takseringen, at det ikkje var tilrådeleg å selja kort. Tilbakemeldinga frå jegerane var positiv til avgjerda.


### 3. Fiskeforvaltning

Garnfiskestatistikken viser god avkastning, sjølv om fangststinsatsen er gått noko ned ligg fangstane stabilt og på nivået frå før 2003.




Til saman var det 102 som hadde løyst garnfiskekort, 21 rapporterte at dei ikkje har fiska, 4 har ikkje rapportert. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;




Kommentar:

Statistikken viser fortsatt nedgang i fiske, mens fangsten samla har hatt ei lita auke. Det er lenge sidan det har vore prøviefiska.




### Kommentar:

Dei 4 siste åra har det vore utført tynningsfiske i tillegg til ordinært garnfiske. Dette viser igjen med eit høgt tal fisk, men ikkje same auke i kilo. Men det går rett veg og fiskarane var meir nøgd enn tidlegare år. Fangstsinnsatsen er framleis låg sett frå tida fjellstyret begynte å laga statistikk sjølv om statistikken her viser auke. Dette skuldast at det vart utført prøvofiske i tillegg. Viser til utdrag av rapporten under.



### Kommentar:

Det har vore ein liten nedgang i fangstane, men og ei nedgang i fisket. Her kan det vera grunn til å gjera nærare undersøkingar med eit prøvofiske for å sjå kor god rekrutteringa er.



### Kommentar:

Garnfisket har teke seg noko opp og avkastinga er stabil. Det var rapport om mykje småfisk i 2010, men snittvekta er no på veg opp att. Det bør prøvofiskast for å sjå på tilstanden.

### 3.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat, feitfinneklippa og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	
2012	50	
2013	248	

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Årleg fangar dei om lag 50 stamfisk. 28 stamfisk som hadde ein snittvekt på 2,4 kg vart individmerka og slept i Tinnhølen seinhausten 2012. Fjellstyret er veldig interessert i rapport om fangst av desse, fangststad, lengde, vekt og merkenummer er viktig informasjon å få med. I tillegg var det satt ut 2000 einsomrig setjefisk i Tinnhølen. All fisk som er satt ut er feitfinneklippa.

### 3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvofiska i 2013;

#### Svartavatnet

Det har vore gjennomført eit enkelt prøvofiske som ein del av tynningsfisket. Resultatet frå prøvofiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma. På 2 prøvegarnseriar (28 garn) vart det teke 222 aurar med samla vekt på 40,8kg som gir ei snittvekt på 184g.


#### Langavatnet

##### Omtale av fisken og fisket:

- Vatnet vart sist prøvofiska i 2010.
- Det vart fiska over ei natt med 2 x W. Jensen prøvegarnserie.
- Samla fangst vart 116 aure med samla vekt på 18,065kg, som gjev ei snittvekt på 156g mot 116g i 2010.
- All fisk over 27 cm var ljøs raud eller raud i kjøtet.
- Minste gytefisk ho var 21 cm.
- Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 0,95 som gjev ein fisk i middels kondisjon
- Fiskeutsettingar var sist utført i 2002.

#### Resultat

- Fangsten i prosent fordelt på lengdegrupper:




### Konklusjon

- Delen småfisk er fortsatt høg i Langavatnet, men prosentvis fordeling av lengdegrupper viser at fiskestamma nærmer seg ein normalfordeling.
- Fangst/innsats i prøvefiske viser at ein er tilbake til 90-talet når det gjeld tettleik.
- Garnfiskestatistikken viser og ein oppgang både i innsats og utbytte. Dette tyder på at det er potensial for høgare avkastning i vatnet.
- Eit fortsatt tynningsfiske vil bidra til betre kvalitet og snittstorleik i stamma.

### 3.4 Kalking

Kalkinga av Svartvatnvassdraget fortsette i redusert form i 2013. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon. Sentrale vasskjemiske parameter er vist i tabellane under.



Utviklingen av pH i to lokaliteter. A: Utløp Svartavassstjorni (kalket), B: Referansefeltet Krobu bekk (Langesteintjorni).

### 3.5 Anna fiskekultivering

Det var registrert ørekyte i kontrollruse ovanfor oppgangssperre ved Stigstu og Hætjørn gjennom overvaksingsperioden samstundes vedtok Direktoratet for Naturforvaltning å oppgradera oppgangssperrene ved Stigstuv og bygge 2 sperrer ved Hætjørn. Ved Hætjørn vart det bygd sperre nedstrøms og oppstrøms tjørnet. I regi av Fylkesmannen og Veterinærinstituttet vart det gjennomført rotenonbehandling i august i Hætjørn og Stigstuv.

#### 4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttedoka, men er i ulik grad med i statistikken under. Grunnlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet "persondøgn".

Hytte	Persondøgn									
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Gamla Sandhaug	3	18	Ikkje utleigd	15	52	92	58	124	128	131
Tinnhølen	56	34	47	36	154	1762	26	78	69	88
Krobu	29	17	18	47	73	39	73	120	34	75
Stigstuv	4	10	0	0	0	34	7	42	3	19
Viersla	0	2	16		181	172	13	85	84	139
Langavasshadle	16	1	20		72	28	9	6	66	15
Heisanntjørnhytta										4

Persondøgn for 2008 og seinare er utrekna ved å dela overnattingsinntekta for den enkelte hytte med døgnsetsen kr 50,-. For Gamla Sandhaug, Viersla og Tinnhølen inngår eit fast beløp oppsynet betalar for overnatting sidan dei leiger eit eige oppsynsrom i hyttene. 107 døgn er ikkje spesifisert kor overnatting har vore.

##### 4.1 Hyttestyret

Legg inn litt frå aktiviteten til hyttestyret. Generelt er det ført tilsyn, vaska og frakta inn ved og propan.

Krobu:

Ettersyn av brannsløkkeutstyr, røykvarsler

Gamla Sandhaug:

Sjekk av 12 volts anlegg, vask av sengetøy

Montert ny avtrekksvifte toalett

Litt problemer med dør til toalett, behov for litt justering

Viersla:

Kjøpt inn div kjøkkenutstyr

Montert ny dør innedel

Innkjøpt og montert nytt kjøkkenoverskap

Stigstuv:

Lagt på torvtak

Solpanel må sjekkast, kanskje ny styringstavle

Heisanntjørnbua:

Komplettert div kjøkkenutstyr

Bør ta opp til vurdering ny hytte



Alle hyttene er det sjekka batterier, brannslukkapp og brann/røykvarsler, vaska sengetøy, sjekk av 12 volts anlegg  
Hyttestyret har følgjande medlemmer; Lars Kristian Eidnes, Kari Tveit Hovland, Knut Johan Medhus og Vidar Riber.

### **5. Beiteleiga**

Halne beitelag har fått fornya 3. år kontrakt om beiteleige med fjellstyret.

### **6. Anna**

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver noko mindre enn vedteke i budsjettet.
- Aslak Myrvang var styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Ulvik sto som arrangør av fjellhelgen for ungdom frå Ullensvang, Ulvik og Eidfjord. Arrangementet vart gjennomført i Osa 14.-15. juni. Det var 40 ungdomar som deltok, ca 10 stk frå Eidfjord. Tilbakemeldingane til arrangementet var gode.

### Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes - s -	Aslak Myrvang - s -	Vidar Riber - s -	Kari Tveit Hovland - s -
Knut Johan Medhus - s -	Samson Hamre - s -	Dagny Opedal - s -	